

# Studentimport: Like barn leikar best?

NTNU vil heller ha studentar frå Russland og Baltikum, enn frå Afrika, Asia og Latin-Amerika. Grunn: «Kulturlikskap,» seier viserektor Kjell Malvig. NTNU-rector Eivind Hiis Hauge støttar Malvig. Men studentane er ikkje einige.

Norge kan få fleire russiske og baltiske sivilingeniørar i åra som kjem, som kompensasjon for matematikksvak norsk ungdom, om viserektor **Kjell Malvigs** framlegg samlar støtte.

– Dersom ein ikkje greier å produsere nok sivilingeniørar for å halde oppe landets infrastruktur, kan dette bli aktuelt, seier han.

Malvig, som er oppnemnt til viserektor med særskilt ansvar for siving.-studiet, meiner at dersom ein ikkje finn annan måte til å sikre tilgangen på gode studentar til fagområdet, må ein kunne opne for å importere toppstudentar frå Russland og Baltikum.

**Skeptisk.** – Eg er for internasjonalisering. Men som engasjert samfunnsborgar kan eg ikkje gå god for dette, seier leiar for Studenttinget NTNU,

**Christian Fjellstad.**

– Å importere studentar frå desse landa med føresetnad om at dei blir verande, blir heilt feil. Dessutan må ein sjå på undervisninga ved NTNU. Elevane ved vidaregåande skule har heilt andre undervisningsmetodar nå enn før, og universitetet har ikkje tatt inn over seg at dette må få følgjer for dei pedagogiske teknikkane ein nyttar, meiner Fjellstad

– Så er det også dette at det er viktig å motivere elevar til å velje realfag.

– **Kulturlikskap.** Fjellstad stiller seg undrande til at det akkurat er Russland og Baltikum desse hjernene skal importereast frå.

– Kvifor ikkje Latin-Amerika, Afrika og Asia? I mange av desse landa finst det til dels svært godt studentmateriale, sei-

er studentleiareren.

Malvig svarer slik på dette spørsmålet:

– Ideen er egentleg ikkje søge frå mitt bryst, men kjem frå Høgskulen i Narvik. Her har ein etablert slike samarbeidsstrukturar i ei årrekke, mellom anna frå Universitetet i Arkhangelsk.

Så har det også med kulturlikskap å gjere, seier Malvig.

– Dette er ikkje meint som u-hjelp, men som eit ordinært studietilbod, seier Malvig. Studentane som eventuelt vert tekne opp, vil kunne få tilbod om jobb i Norge.

Fjellstad får følgje av **Petter Haugen**, leiar i IAESTE Norge. Organisasjonen formidlar kontakt mellom teknologistudentar og bedrifter i Norge og i utlandet.

– Eg ser ingen grunn til å importere studentar frå noko spesielt kulturområde. Vi er best tent med mangfald i kulturbakgrunn, seier Haugen.

– Vi i IAESTE sender ut like mange studentar som vi tek inn. Verksemda vår er basert på at vi ikkje prioriterer einskilde land.

– *Det er dokumentert at mange arbeidsgjevarar helst unngår å tilsette folk med det ein kal-*

*lar «fjernkulturell» bakgrunn. Sidan mange av desse venteleg får problem med å få jobb: Er det ikkje då best at norske universitet prioriterer studentar frå våre nærrområde?*

– Eg trur arbeidsgivarar går i den samme fella som dei som helst vil importere studentar frå Russland og Baltikum. Dette er dumt. Ein burde også i næringslivet vere meir open for å importere folk frå ulike land. Her har universitetet sjansen til å gå føre og vise veg, seier Petter Haugen.

– **Samstemte.** – Kjell Malvig og eg er rimeleg samstemte i denne saka, seier rektor Eivind Hiis Hauge.

– Eg meiner at ein bør kunne ty til studentimport frå mellom anna Russland og Baltikum, dersom det er siste alternativ. Då bør dette vere akseptabelt dersom det blir gjort på ein gjennomtenkt måte, seier han.

– *Malvig viser mellom anna til kulturlikskap som eit argument for å hente studentar frå Russland og Baltikum?*

– Det er lett å vere einig i at Aust-Europa ligg oss nærare kulturelt enn til dømes Indonesia, seier NTNU-rectoren.

– *Men kan dette føre til at ein er «seg sjølv nok» – at vi vil ha til landet folk som liknar mest mullig på oss sjølv? Fjellstad meiner at studentar frå Afrika, Latin-Amerika og Asia bør kunne vere like aktuelt.*

– Eg ser ikkje på dette som oppfordring til å vere meir «seg sjølv nok». Du kan like gjerne snu på det: Om vi prioriterer små land i den 3. verda, kan vi risikere å støvsuge landet for einestående talenter. Då må det vere betre å blinke ut eit land som Russland, eller Kina for den saks skuld, der nokre titals studentar bare er en dråpe i havet

**Hjerneflukt?** Slik studentimport kan bli skulda for å stimulere såkalla «brain-drain», at dei beste hjernene flyttar ut av eit fattig land og buset seg i eit rikt land for å arbeide der. Viserektoren erkjenner problemstillinga, men meiner folk må ha høve til å flytte på seg.

– Eg synest ikkje vi kan feste eit anker til dyktige folk. Ein må få dra dit ein vil og kan. Dette er ein del av den pågåande internasjonaliseringa, seier Malvig, og får støtte frå Hauge.

– *Er det moralsk rett å lokke dei beste studentane frå fattige land for å legge sin yrkeskarriere her hos oss?*

– Forutsett at dette held seg på eit rimeleg nivå, kan eg ikkje sjå at det er noe stort problem. Det blir for enkelt å si at dette er feil uansett. Elles må eg få minne om at unge norske hovuder i ein tilsvarande situasjon utvandra til USA etter krigen. I ettertid fungerte dei utmerka til å opne dører for norske forskarar og for norsk næringsliv i USA. Det å flytte på seg har ein egenverdi, seier Eivind Hiis Hauge.



Rektor Eivind Hiis Hauge.

FOTO: RUNE PETTER NESS



Leiar for Studenttinget NTNU, Christian Fjellstad.

FOTO: TORE OKSHOLEN



Leiar i IAESTE Norge, Petter Haugen.

ARKIVFOTO



Viserektor Kjell Malvig.

ARKIVFOTO

TORE OKSHOLEN

tore.oksholen@adm.ntnu.no